



Jan Magne Keilegavlen
Keilegavlsvegen 227
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7026 - 15/3510

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.02.2015

Gbnr 124/2 Keilegavlen. Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet.

I sak 007/15 i Plan- og miljøutvalet var det gjort følgjande vedtak:

PM - behandling:

«Fellesframlegg:

PMU gjev dispensasjon til deling frå grunneigedom gbnr 124/2 Keilegavlen, tre tomter til fritidsbustader.

PMU legg til grunn dei momenta som kjem fram i saksutgreiinga og vurderer at fordelane samla sett er vesentleg større enn ulempene.

Omsyna til kommunedelplanen Lindåsneset med Mongstad og plan og bygningslova, samt jordlova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

PMU gjev dispensasjon til deling frå grunneigedom gbnr 124/2 Keilegavlen, tre tomter til fritidsbustader.

PMU legg til grunn dei momenta som kjem fram i saksutgreiinga og vurderer at fordelane samla sett er vesentleg større enn ulempene.

Omsyna til kommunedelplanen Lindåsneset med Mongstad og plan og bygningslova, samt jordlova vert ikkje vesentleg tilsidesett».

Saksutgreiinga føl som vedlegg til denne meldinga om vedtaket.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 20.03.2014, gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:



Dispensasjon frå arealføremål i plan	kr. 8500,-
Oppretting av eigedom ikkje i samsvar med arealformålet	kr. 7900,-
Deling etter jordlova	kr. 2000,-
Sum	kr.18200,-

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå du mottok melding om vedtaket., jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Magne Keilegavlen

Keilegavlsvegen 5953
227

FONNES